

# Kyrkjevalet

## 8.-9. sep. 2019

NR. 8.8

## Stemmestyret på valtinget

8. OG 9. SEPTEMBER

KYRKJEVALREGLANE § 9-4  
VALHANDBOKA kapittel 8, side 89-101

### STEMMESTYRET

Stemmestyret består av minst tre medlemmar og er oppnevnt av valstyret for å administrere stemmegjeving i ulike vallokale.

Medlemmane i stemmestyret må ha stemmerett ved valet. Dei må vere over 15 år og manntalsregistrert i soknet.

### STEMMESTYRET SITT ANSVAR

Stemmestyret er ansvarleg for gjennomføringa av valet i sitt vallokale. Leiaren for stemmestyret sørgjer for at arbeidet i vallokalet blir organisert og fordelt på medlemmane i stemmestyret.

Ansaret inneber at lokalet vert opna og stengt til fastsett tid og at manntalslister, stemmesetlar og valurner vert levert til valstyret for opptelling — samt rapportering og kontakt med valstyret.

### STEMMESTYRET SINE OPPGÅVER

Stemmestyret kan sjølv utføre alle oppgåvene i vallokalet eller få hjelp av valfunksjonærar. Det er stemmestyret som skal føre protokoll frå vallokalet, men valfunksjonærar kan gjere alle andre oppgåver.

Eit medlem av stemmestyret bør jamnleg inspisere valavlukkene, for å kontrollere at det til ei kvar tid er tilgjengelige stemmesetlar for alle vallistene og nok skrivesaker.

### VALFUNKSJONÆRAR

Valstyret kan engasjere valfunksjonærar til gjennomføring av valet. Kandidatar til sokneråd og bispedømeråd kan og vere valfunksjonærar. Valfunksjonærane kan krysse i manntalet, stemple stemmesetlar og passe at veljaren legg stemmesetlane i valurna.

Det er svært viktig at valfunksjonærane og stemmestyret er nøytrale, og skal ikkje under noko høve anbefale bestemte kandidatar eller lister.

## OPNING OG STENGING

Stemmestyret skal opne og stenge dørene til vallokallet nøyaktig på dei tidspunkta som er satt av valstyret.

Vallokalet skal vere opne samanhengande i dei fastsette tidene, og det ikkje tillate å stenge lokalet undervegs (t.d til matpause).

Før opning bør stemmestyret gå gjennom «løypa» frå buss-/parkeringsplass til vallokalet for å kontrollere universell utforming og tilgang.

Leiar i stemmestyret erklærer valtinget for opna:

*Med dette erklærer eg valtinget i ... stemmekrins i ... sokn ved Kyrkjevalet 2019 for opna. Stemmegivinga kan ta til.*

## ORIENTERING VED OPNING

Før opning skal valfunksjonærane få orientering om prinsippa for hemmeleg val, nøytralitet og teieplikt. Det skal òg orienterast om kven som har stemmerett, framgangsmåte for valet, kor mange som skal veljast ved kvart av vala, og kva endringar som kan gjerast på stemmesetelen.

## STENGING

Ved stenging skal dørene lukkast og dei som er i vallokalet skal få stemme.

Dersom det er kø utanfor dørene ved stengetid, skal stemmestyret skaffe seg oversikt over kven som var til stades før stengetid. Desse skal få stemme. Dette kan gjerast ved at ein valfunksjonær stiller seg bakerst i køen utanfor lokalet.

## VALAGITASJON

Valagitasjon er skriftlege, munnlege eller symbolske ytringar for eller mot ei spesiell liste, ein kandidat eller saker/standpunkt/system.

Valagitasjon er ikkje tillate i vallokalet eller i dei

rom veljaren må passere for å kome til vallokalet. Valfunksjonærar skal ikkje gå med t-skjorter, jakkemerker eller liknande med kyrkjepolitisk innhald.

Valagitasjon er tillate utanfor bygninga.

## URO I VALLOKALET

Leiar i stemmestyret kan vise bort personar som skapar uro eller driv valagitasjon i vallokalet eller i dei romma veljaren må passere for å kome til vallokalet.

Døme på slik oppførsel er sjikanering av veljarar, støyande atferd, loddsal, innsamlingar og liknande.

Bortvisinga gjeld for uro, så dersom personen møter på nytt, og grunnlaget for bortvising er borte, skal personen få stemme.

## TOM FOR STEMMESETLAR

Det skal til ei kvar tid vere tilstrekkelig med stemmesetlar for alle vallistene. Dersom ein går tom for stemmesetlar i eit vallokale, må det hentast nye frå andre vallokale eller ein må trykke opp nye.

Stemmesetlane finn ein på <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkevalget/for-medarbeidere/stemmesedler/>. Stemmesetlar til soknerådsvil skriv ein ut på kvitt papir. Stemmesetlar til bispedømeråd/Kyrkje-møtet skriv ein ut på farga (helst grønt) papir.

Dersom dette ikkje let seg gjere, kan det nyttast blanke stemmesetlar. Veljaren må då skrive på kva bispedøme/sokn og liste det gjeld. Dersom veljaren vil endre på stemmesetelen, må alle kandidatane førast opp i riktig rekkefølge, før ein kan endre. Det kan også nyttast blanke ark, då må ein òg skrive kva val det gjeld.

Dersom ein går tom for stemmesetlar til ei av listene ved val til bispedømeråd/Kyrkjemøtet, må

ein nytte «reserveløysing» (blanke ark eller blanke stemmesetlar) for alle listene.

## VELJAREN ER PREST ELLER LEK KYRKJELEG TILSETT

Dersom veljaren har markering i manntalet på at han eller ho har stemmerett som prest eller lek kyrkjeleg tilsett, skal veljaren kun levere stemmesetel for val av sokneråd.

Dersom veljaren meiner dette er feil, skal ein ta i mot **stemmesetlane i særskilt omslag**. I tillegg skal veljaren fylle ut *Skjema 3.1.6 Krav om retting av feil i manntal*, som skal leggjast ved i omslagskonvolutten. Valstyret avgjer spørsmålet om stemmerett.

## VELJAREN MEINER DET ER FEIL I MANNTALET

Dersom veljaren meiner han eller ho skulle stått i manntalet i stemmekrinsen, skal ein ta i mot **stemmesetlane i særskilt omslag**. I tillegg skal veljaren fylle ut *Skjema 3.1.6 Krav om retting av feil i manntal*, som skal leggjast ved i omslagskonvolutten. Valstyret avgjer spørsmålet om stemmerett.

## VELJAREN ER MANNTALSFØRT I ANNA SOKN

Dersom det er opna for stemmegiving i heile fellesrådsområdet kan ein ta i mot **stemmesetlar i særskilt omslag**.

Dersom det ikkje er opna for stemmegiving i heile fellesrådsområdet, må veljaren reise til sitt sokn for å stemme.

## MOTTAK AV STEMME I SÆRSKILT OMSLAG

1. Stemmemottakar stemplar stemmesetlane
2. Veljaren legg stemmesetlane i kvar sin stemmesetelkonvolutt (kvit konvolutt for soknerådsvæl og farga for bispedømmerådsvæl)
3. Ein legg stemmesetelkonvoluttane i ein omslagskonvolutt saman med valkort eller med veljaren sitt namn, adresse og fødselsdato utanpå
4. Valfunksjonær skriv tid og stad for stemmegivinga på omslagskonvolutten, og signerer
5. Ein nummerer omslagskonvoluttane og fører *Skjema 8.8.4 Liste over mottekne stemmer i særskilt omslag på valdagen*
6. Omslagskonvoluttane bør leggjast i urna eller ein annan trygg stad før dei blir behandla under optelling.

## VELJAREN ER MANNTALSFØRT I ANNAN STEMMEKRINS I SOKNET

Dersom veljaren kjem til eit vallokale utanfor sin stemmekrins, kan stemmemottakar ta i mot **stemmesetlane i særskilt omslag**.

## VELJAREN HAR STEMTE VED FØREHANDSSTEMMING

Veljarar som har førehandsstemt kan ikkje ombestemme seg og stemme på nytt. Dersom ein veljar krev å få stemme, skal ikkje vedkommande avisast sjølv om det er kryssa i manntalet.

Stemmesetlane skal takast i mot i **særskilt omslag**, og så bli behandla av valstyret etter at vallokalet er stengt.

## VELJARAR UTAN LEGITIMASJON

Dersom stemmemottakar kjenner veljaren er det ikkje nødvendig å vise legitimasjon.

Dersom ein ukjent veljar ikkje kan bevise identiteten sin, får ikkje vedkommende stemme, og må kome tilbake med legitimasjon.

## VELJAREN LEGG EIN USTEMPLA STEMMESETEL I VALURNA

Dersom veljaren ved ein feil legg ein ustempla stemmesetel i valurna, skal ikkje urna opnast for å ta ut setelen. Feilen vert retta opp ved at veljaren hentar ein ny stemmesetel som vert stempla og lagt i urna. Den ustempla setelen vil bli forkasta. Dette skal noterast som avvik i stemmestyrets protokoll.

## VELJAREN FORLET LOKALET UTAN Å LEGGJE STEMMESETEL I URNA

Dersom ein veljar som er kryssa av i manntalet forlet vallokalet utan å legge stemmesetel i urna, bør dette registerast i stemmestyrets protokoll. Vedkommende kan ikkje kome tilbake og stemme.

Dersom veljaren forlet lokalet utan å vere kryssa i manntalet, treng ein ikkje registrere noko.

## STEMME VED VAL I DØVEKYRKJELYDANE

Veljarar som skal stemme ved val til Døves sokneråd og døvekyrkja sin representant i Oslo bispedømmeråd, kan stemme ved opp til fire val.

Sjå eiga rettleiing om korleis dei også kan stemme ved dei to vala i døvekyrkjelydane her: <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkevalget/for-medarbeidere/dovekyrkjeval/>.

## RETT TIL HJELP

Veljarar med nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne har rett til hjelp frå ein valfunksjonær. Enkelte veljargrupper kan ha rett til ein ekstra hjelpar, for å beskytte veljaren mot press.

Det er veljaren som skal peike ut den ekstra hjelparen. Stemmestyret skal gjere ekstra hjelparar merksame på teieplikta om veljaren si stemming. Les meir i valhandboka kapittel 8.8.6.

Dersom ein veljar ikkje er i stand til å ta seg inn i vallokalet, kan vedkommende stemme rett utanfor. Les meir i valhandboka kapittel 8.8.7.

## PRESSE OG VALUNDERSØKING

Pressa må ikkje få tilgang til valavlukka for å sjå kor mange stemmesetlar som er tatt, og stemmestyret kan heller ikkje gje informasjon om dette.

Valundersøking er ikkje tillatt i vallokalet eller i dei romma veljaren må passere på veg inn/ut.